

Årsmelding revygruppa 2016

Revygruppa hadde revy med premieredato 5.november og nye framsyningar fredag 11.nov og to framsyningar laurdag 12.nov.

Nokre møter med idedugnader og tekstskrivingar våren 2016.
Frå midten av august var me i gang med tekstar og øvingar.

Revyen fekk tittelen «Berre EIN mann» fordi me rett og slett berre hadde ein mann med dette året !

Etter eit strålande opningsnummer, fekk publikum sjå ein fin mix av mykje løye, som at «Det er tøft å strikka», med vakre sauer som song om at ull er det nye gull, Mundalsberg troll som dirigerer trafikken nattestid, TV-show ang. kommunesamanslåing og nytt namn på den nye kommunen og auksjon av Hjelmås kapell. Kaptein Midt fjords var også innom, denne gongen som vikarkaptein på «Fjordkatt» og gamle demente damer tok av i dansen til sangen «Hot like me».

Noko av det løgnaste me har funne på, og klart å gjennomføra, er filmen om Nesbøruto, der rare folk og dyr kom på frå Knarvik, langs vegen og til Nesbøkaien. Gamle damer med drops, piggsvin, forførande sauer, galne høner, full kaptein, eit amputert songkor og dei som ikkje fekk vera med; trimguppa til Gunnar Hosøy, som måtte springa etter bussen like til enden, Nesbøkaien. Filmen var vist i små snuttar mellom innslaga.

Christer Steffensen filma og redigerte denne filmen vår. Dyktig kar!

Gode tilbakemeldingar frå publikum og frå våre to lokalaviser.

Andre oppdrag:

Ragna og Signy var på skreiaften på Hagellia Matstove i februar og i august var dei og på grendahuset på Hindenes på oppdrag. Her var bl.a. ho «Astrid» med og kasta glans over festen deira. Astrid song og tante Olga akkompangerte på munnspele.

Økonomi:

Viser til tal frå kasserar.

Styreform:

Som før, ganske flat, med med eit visst ansvar fordelt mellom Inger Helen Midtgård, Kristin Rongevær og Anne Rose M. Westervik.

Kristin Rongevær har vore revyen sin representant i styret.

31.01.17

For revygruppa
Anne Rose M. Westervik

UL Heimhug -revygruppa

REKNESKAP 2016

Tekst	Inntekter	Utgifter
Billettinntekt/kiosk 3 forestillingar 11.og 12. november	32 585,00	
Honorar for speleoppdrag	2 500,00	
Honorar for forestilling på Haustfest 2015	10 000,00	
Studieforbundet for kultur og tradisjon - stønad	15 500,00	
Lindås kommune, kulturmidlar til drift/investering	14 930,00	
Honorar til instruktør Lars V.Sørhus		30 000,00
Honorar for musikk, lyd og lys		4 500,00
Filmproduksjon og bussleige «Nesbøruta»		18 450,00
Rekvisita, kostymer etc.		368,00
Hjelmås Handelslag, mat øvinger + mat siste forstilling		2 401,60
Annonsering		1 125,00
UL Heimhug–del av faste utg. 2016 (skal ikkje betales)		0,00
Bankgebyr		15,00
Renteinntekt bank	23,00	
Skyldig studiemid. til Hjelmås Mannskor/UL Heimhug	17 805,00	
Sum	93 343,00	56 859,60
«Overskudd» regnskap 2016	36 483,40	
Beholdning 01.01.2016	3 814,33	
«Overskudd» 2016	36 483,40	
Beholdning 31.12.2016	40 297,73	

Kassen er fordelt slik pr. 31.12.2016:

Kontanter	kr 4 477,00
Bank	<u>kr 35 820,73</u>
	<u>kr 40 297,73</u>